

Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep

0030 OSLO



Hol kommune

Arkivkode
V12 &13

Vår ref.
04/03836 - ASB

Deres ref.
200400406-/KOR

Dato
06.12.2004

FORSKRIFT OM MIDLER TIL BYGDEUTVIKLING - HØRING PÅ UTKAST UTTALE FRÅ HOL KOMMUNE.

Saksdokument:

1. Forskrift om midlar til bygdeutvikling, høyring på utkast til forskrift.

Saksopplysningar:

Landbruks- og matdepartementet (LMD) har utarbeidt forslag til forskrift om midlar til bygdeutvikling (BU).

Bakgrunn for forslaget er Landbruk Pluss-satsingen der LMD har sett behovet for ein meir samordna og målretta satsing innafor landbruksrelatert næringsutvikling. Ut frå dette er det igangsatt eit utviklingsprosjekt med følgende sentrale elementer

- Utarbeiding av ein nasjonal strategi for landbrukstilknyttet næringsutvikling.
- Modernisering av BU-ordningen og overføring av forvaltningsansvar til regionalt nivå.
- Utarbeiding av regionale strategier for landbrukstilknyttet næringsutvikling.

Den overordna målsettinga med prosjektet er å oppnå auka lønnssemnd i den landbruksrelaterte næringsverksemnda gjennom nyskaping og markedsorientering.

Vurdering:

§1 Føremål:

Ein ser at føremålet er meir bevist retta mot landbrukseiendommens ressursar sett under eit og det korresponderar godt med dei erfaringane ein har med Agro Fram. Dette er positivt og vil kanskje bidra til ei lettare utvikling av nye verksemnder.

Nasjonale føringar legg opp til friare prioritering for regionale strategiplaner, det er positivt.

Generelt:

Slik ein tolkar det vil det ikkje lenger vera eit tak på tilskotet. Dette og i samanheng med at ein ikkje då lenger har 5 år "karantene" på å søke om nytt tilskot, vil føre til:

- at dersom det kjem nye pålegg ut frå nye forskrifter, så har søkjar større moglegheiter for å kunne innfri pålegg raskt mot det som har vore tilfelle til no.
- Ein vil kunne få ein raskare og betre kontinuitet i ei utbygging som skal utførast i fleire fasar.

Ellers så ser den lokale landbruksforvaltninga det viktig å oppretthalde den lokale og regionale prioriteringa mellom søkjarane som har vore dei siste åra.

Dette av di det:

- Styrkar lokaldemokratiet då det er på lokalplan ein har best kjennskap til søkjarane, og ein unngår ” fyrst til mølla problematikkken”.
- Ikkje berre tiltaksstørrelsen som vært prioritert, men også kvaliteten.

Med helsing

Sigurd Dahle
jordbrukssjef

Anne Stine Bondli
fagkonsulent